



# IHM

# info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer - Juli 2005

## Miljøpatruljen i aktivitet langs Turistveg Hardanger!

Frå 20. juni til 20. august skal miljøpatruljen som består av Arne Sandven, Asbjørn Skeie, Andreas Helle og Maria Pile Svåsand, køyre langs turistvegen i Hardanger.

Dette er ein nasjonal turistveg som kan tilby utsikt mot fjell, fonn, foss og fjord i tillegg til moglegheit for oppleving av tradisjonell mat og drikke, folkekunst og byggeskikk. Turistvegen er 247 km lang, og miljøpatruljen vil tømme bosspann, vaske toalett og elles halde det reint og fint slik at turistane møter ein ryddig turistveg.

Miljøpatruljen er eit samarbeid mellom Reisemål Hardanger Fjord AS, Vegvesenet og kommunane.

Denne sommaren er det sjuande året Miljøpatruljen er på vegen, og i år er det IHM som har ansvaret for patruljen. Dei to bilane som vert nytta på vegen, vil difor ha IHM sin logo.

Arne Sandven var med i Miljøpatruljen for tre år sidan. I år vil han igjen ta fatt på sommarjobb som sjåfør. Til vanleg studerar han økonomi i Sogndal. Han synest det er ein veldig kjekk jobb. - «Ein får jobbe ute og det er mykje fint å sjå langs vegen vi køyrer. Det er og kjekt at vi køyrer to og to heile sommaren. Då vert ein godt kjend.» Turistane er flinke til å halde rasteplassane ryddige, seier Arne. «Det vil verte mykje å gjere i starten. Då må vi rydde det som har hopta seg opp i løpet av det siste året. Etter kvart går det lettare.»

Vi i Indre Hordaland Miljøverk ønskjer Miljøpatruljen ein god sommar langs Turistveg Hardanger.

*Arne Sandven i Miljøpatruljen skal syte for at Turistveg Hardanger vert halden ryddig i sommar!*

tilla@ihm.no

Foto: Ellen T. Astrup



Nasjonal turistveg som kan tilby utsikt mot fjell, fonn, foss og fjord.

Foto: Svein Ulvund



## Miljøvernministeren til Bjørkemoen

Les meir om ministeren sitt besøk på side 2.

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss  
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss  
Telefon: 56 52 99 00  
Telefax: 56 52 99 01  
E-post: ihm@ihm.no  
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland  
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

**Redaksjonskomité:**

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar  
Helen K. Søybe, kontorleiar  
Gunnar Bråten, driftsleiar  
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø  
Tilla Ruud, vikar

## Målpris til IHM

IHM vart i mars tildelt Ullensvang mållag sin målpris for 2005.

I grunngevinga for prisen rosar mållaget IHM for at dei «med sine grundige orienteringar, skrive på vakker nynorsk er med på å fremja nynorsk som skriftspråk».

Sjå side 2



## Vann ein tre retters middag for to!



I vinter vart det gjennomført ei brukarundersøking blant IHM sine abonnentar. Dei som var med i spørjeundersøkinga var og med i trekkinga av ein middag for to ved ein restaurant i regionen. Den heldige vinnaren vart **Lars Skjervheim** frå Vossestrand.

Vi gratulerar, og ynskjer dei ein god middag!

# Leiarer Miljø- patruljen

langs turistveg Hardanger er eit spennande tilskot til IHM sine arbeidsoppgåver denne sumaren. I to patruljebilar skal fire ungdommar halde vegen under oppsikt og passe på at det ser reint og ryddig ut.

Det er dei fastbuande og hyttefolket som er rygg-raden i vår verksemd, men dei mange turistverksemdene i regionen er viktige kundar, særleg sumarstid. Frå før er IHM tungt tilstades langs desse vegane med utvida renovasjonsruter i høgsesongen. Men når godveret set inn, veit me at det kan vere tungt å takle toppane som den auka turiststraumen og uteaktiviteten medfører. I denne hektiske perioden vil miljøpatruljen vere med på å auke vårt nærver.

Det er mange partar som samarbeidar for at turistane som no er på veg hit, skal få gode minner frå opphaldet i regionen vår. Eit godt døme på dette er miljøpatruljen som vil styrke den delen av oppgåva som IHM utfører.

**Kåre Flatlandsmo**

kaare@ihm.no



## Miljøvernministeren til Bjørkemoen

Ein solblank dag i slutten av april fekk IHM statsrådbesøk på Bjørkemoen. Miljøvernminister, Knut Arild Hareide, hadde sett av tid til å vitja avfallsanlegget til IHM. «Sidan avfallshandsaming er ei av dei viktigaste miljøsakene, tykte eg det høvde godt å vitja IHM under Vossaopphaldet» sa ein forventningsfull minister.

Etter lunsj med Vossameny, vart det omvisning på anlegget. Hareide følgde interessert med då det nye energi- og renseanlegget vart presentert – ei ganske anna verd enn sist miljøvernministeren var på bos plass då han som gutunge leita etter gamle hjul til kjerrebilen! I det moderne renseanlegget vert dei viktigaste forurensingane i sigevatnet redusert med 95-100% før det vert slept ut att i Raundalselva. Den høgteknologiske membranrensinga er energikrevjande, men straumen som vert nytta i prosessen er eigenprodusert, omdanna metangass frå deponiet.

Hareide rosa kommunane for innsatsen dei gjer med avfallshandsaming på det lokale plan, men han minte og om at det er viktig med godt samarbeid mellom det nasjonale og det lokale nivået. Dette har ikkje fungert godt nok tidlegare, så det er eit tema miljøvernministeren no har teke initiativ til å forbetra.

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar i IHM nytta og høvet til å koma med innspel til miljøvernministeren – ikkje kvar dag ein får innpass hos statsrådar.

Offisiell opning av det nye energi- og renseanlegget vert til hausten. [ellen@ihm.no](mailto:ellen@ihm.no)



Spasertur på Bjørkemoen. Frå venstre: Morten Hem, Gunnar Berge, Knut Arild Hareide, Bjørn Christensen og Kåre Flatlandsmo.

Foto: Gunnar Bråten

## Målpris til IHM

**IHM vart i mars tildelt Ullensvang mållag sin målpris for 2005. I grunngevinga for prisen rosar mållaget IHM for at dei «med sine grundige orienteringar, skrive på vakker nynorsk er med på å fremja nynorsk som skriftspråk».**

For IHM har språkbruk alltid vore ei medviten satsing. I respekt for den kultur og tradisjon som regionen ber med seg, trur vi at vi når lengst ved å formidle budskapet vår ved å bruke eit språk som folk kjenner att, og som dei føler samkjensle med. Med seks eigarkommunar som alle nyttar nynorsk, er nynorsk ein viktig del av det å kommunisera med brukarane. Det er difor svært kjekt å bli sett pris på som ein god nynorskambassadør, sjølv om det og kan gje litt prestasjonsangst i det vidare informasjonsarbeidet.

IHM takkar Ullensvang mållag for prisen som har gjeve oss eit løft, og er til stor oppmuntring og inspirasjon!

På vegne av IHM tek Ellen T. Astrup imot prisen på årsmøtet til Ullensvang mållag i mars – eit vakkert bilete laga av Ivar Kvåle.



Foto: Privat

# Lysstoffrøyr, halogenlamper og lyspærer

Lysstoffrøyr og halogenlamper inneheld kvikksølv, medan vanlege lyspærer inneheld m.a. bly. Kvikksølv og bly er miljøgifter som utgjer ein trussel for miljøet dersom dei ikkje vert teke hand om på ein forsvarleg måte. Alle lyskjelder kan leverast i retur til forretningar som sel slike produkt, og til miljøstasjonen i kommunen.

## Kvikksølv og bly

Kvikksølv og bly er tungmetall som er svært giftige. Desse stoffa vert tekne opp av organsimar og oppkonsentrert i næringskjeda. Kvikksølv kan hos menneske og dyr gje skadar på foster, nervesystemet og nyrene, medan bly kan gje uheldige verknader på immunforsvaret og forplantningsevna. Bly kan og gje skadar på foster, nervesystemet og det bloddannande systemet.

Utslepp av kvikksølv og bly har gått ned dei siste 10 åra, men framleis er altfor store mengder av desse tungmetalla på avvegar. Ved å levere inn lysstoffrøyr, halogenlamper, lyspærer og liknande, og ikkje kaste det i restavfallet eller andre stader det ikkje høyrer heime, vil du kunne bidra til å avgrense utsleppa ytterlegare.

tilla@ihm.no

*Elevar frå 4. klassetrinn på Skulestad skule får sjå kor lyspærene vert samla på Bjørkemoen.*



Foto: Ellen T. Astrup

## Tilla vikarierer for Ellen

Frå og med sankthans går Ellen T. Astrup, leiar for informasjon og miljø, ut i permisjon. Tilla Ruud som er nyinnflytta til Voss, vil vikariere for henne.

I vinter har Tilla samarbeidd med IHM om ei brukarundersøking. Undersøkinga inngår i ei prosjektoppgåve i miljøforvaltarstudiet som ho nettopp har avslutta ved Høgskolen i Hedmark. Avfall er eit spanande og viktig miljøtema synest Tilla og valde difor dette temaet då ho skulle skrive oppgåva si.

*IHM ynskjer Tilla velkommen på laget!*



## Tid for ny tømekalender!

Alle skulle no ha fått tilsendt tømekalender for neste halvår. Dersom du ikkje har fått kalenderen i posten, kan du ta kontakt med IHM.



## Containerar for glas- og metallemballasje

Liste over plassering av containerar for glas- og metallemballasje finn du på IHM si heimeside [www.ihm.no](http://www.ihm.no). Trykk på linken til loop sine sider og gå inn på Kjeldesorteringsguiden. Her kan du og finne ut korleis du kjeldesorterer anna avfall. Du kan og kontakte oss på tlf. 56 52 99 00 dersom du lurar på noko.



Glas- og metallemballasje.

Foto: Ellen T. Astrup

## Kortautomat

Ved levering av bos på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg kan du nå nytte kortautomat ved betaling.



# Innsats mot forsøpling!

22. april deltok IHM i ei felles markering med avfallsselskapa på Vestlandet. Med seg på laget hadde dei Voss kommune, Statens Vegvesen og Naturvernlaget som gjekk saman om å stå på stand på Vangen – i Voss sentrum. Her kunne forbipasserande få tips og informasjon om Hald Noreg reint-aksjonen og materiell til ryddedugnader.

Utferdslaget på Voss var og med på markeringa i form av eit innlegg i lokalavisa «Hordaland» der dei tok sterk avstand frå den aukande forsøplinga. Granvin Bondelag tok saman med IHM initiativ til ein oppryddingsaksjon blant bøndene, som vart oppfordra til å verte kvitt skrapmetall som gamle forhaustarar, øydelagde reiskapar og liknande.

Heilt fram til midten av juni har skular, grenslag og andre lag og organisasjonar i heile regionen gjort ein kjempeinnsats for eit reinare og trivelegare miljø. IHM har hatt ekstraservice på miljøstasjonane med servering, informasjon og moglegheit for å levera gratis skrapmetall. For å få folk i gang med vårrydding og Hald Noreg reint-innsats har avfallsmottaket på Bjørkemoen og andre miljøstasjonar halde laurdagsope enkelte laurdagar i april.

IHM takkar alle som har gjort ein innsats i samband med aksjonen og vonar at den gode ryddeanda held fram utover sommaren og hausten!

ellen@ihm.no



Stand på Vangen - Signe Stahl Kvandal, Voss kommune og Ellen T. Astrup, IHM. Alle er samde i at det har vorte alt for mykje bos og at det må eit skikkeleg haldningsskapande arbeid til for å få slutt på forsøplinga!

Foto: Gunnar Bråten

## Emballasje forsøplar mest

Forsøpling langs vegar, på badestrender, i gatene og utover i naturen er noko dei fleste opplever som noko som skjemma naturopplevinga.

Det er no utført to analysar på kva dette boset inneheld, ein ved riksveg 170 utanfor Fetsund og ein frå ein gangveg i eit bustadfelt i Oslo. Om lag 90 prosent av det som vart plukka i dei to undersøkingane, var emballasje, hovudsakleg frå all småting medan vi er på farten. Sjokolade, is, kaffe, brus, pølser, hamburgerar, juice, yoghurt, pizza, milkshake osv har stort sett eingongsemballasje som skal kastast etter bruk.

«Resultatet av folks travelhet og latskap ser vi på avfallet i naturen eller i gatene» seier Dag Endal, kampanjeleiar i «Hald Noreg reint».

Bos som hamnar i naturen kan bruke år, tiår og hundreår før det vert brote ned. Ein plastpose kan bli liggjande i 10 til 20 år, medan ein aluminiumsboks kan liggje i 300 år. Boset i naturen kan vere til skade for dyr ved at dei får det i seg, eller det kan verte ei felle dei kan skade seg på, t.d. bitar av glas og metall. Giftstoff som vert kasta i naturen, kan og vere til fare for både menneske og dyr.

For å unngå at naturopplevinga vert dårlegare og at skadelege stoff kjem på avvegar, vert alle oppfordra til å ta med seg avfallet til næraste bosspann!

Du kan lese meir om denne saka på [www.holdnorerent.no](http://www.holdnorerent.no)

tilla@ihm.no



Foto: Tilla Røud

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD  
KOMMUNE



GRANVIN  
HERAD



JONDAL  
KOMMUNE



ULLESVANG  
HERAD



ULVIK  
HERAD



VOSS  
KOMMUNE